Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Fitjar

Emne: Bordskikk. Bygdelag: Stronda

Oppskr. av: Johs. Hageberg Gard: Hageberg

(adresse): Vistöki G.nr. 86 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A.

SVAR

Det er mykje avlagt å laga maten (koka) i stova som ein bur i.

1 Ja, alle sat ved bordet.

2 Ja, slik er det enno -

3 Husb. folk og tenarar et ved same bord samstundes.

4 Same mat for alle.

5 I same hus gjer dei det.

6 Det hender når det er gjester, men ingen fast regel.

7 Ja.

8 Nei

9 Tja - det hender ein nemner "høgsetet"

10 "Ved innste bordenden -"

11. Mennene vaska hendene når dei var til tøla av mold og skit - likeeins kvinnone når dei hadde hatt slikt arbeid, at vasking var naudsynleg. - Har aldri set mannfolk sitja tilbords å eta med lua på - i heimane her ikring.

12 Ja, graut, supe, velling, rjomebolle
Men mjölki attåt grauten var i serskilde koppar eller skåler, ein kopp til kvar person
Graut åt ein - og et - på den måten at

5031

ein tek ein passeleg grautklatt i skeia,
stikk so skeia i mjølkekoppen og får
litt mjølk attåt grautklatten, stikk so
skeia i munnen og blandar graut og
mjølk saman i munnen og svelgjer
det ned. (Sume stikk berre graut i munnen
med skeia, og drikk ein mjølkesup etterpå)
Koppane er av steingods.

13 Då set ikkje gryta på bordet her, har
ikkje gjort det tidlegare heller, det eg veit
Dei slår maten opp i eit fat eller kumme.
Duk på bordet og fint dekkeleg til framande.

14 A-ja - sild og potet, smør og potet legg
ein gjerne millom 2 flatbrødstykke
og kallar det sildabete, smørbete -

15 Har aldri høyrt at det er udone å stikka
ein sukkerbite i munnen og drikka kaffi til
— sjølv gjer eg det ofte -

16 Skålen" er vel det som me kallar tefatet.
"Nei, det er ikkje god bordskikk, men eg gjer
heller det, enn eg vil brenna meg -

17 Nei. Ja -

18 Ja, dersom han hadde eit spekekjøtkniv for seg,
elles ikkje. Bordknivar -

19 Ja. Nei, men dei kjende kvar si skei,
for det var hornskeier, og dei var lette å
kjenna frå kvarandre (farge, storleik, skap)
Far stakk si skei ned i bordskuffa, men
dei andre vart vaska.

20 No vert graut, supe og slikt ause opp i
djupe tallerkar, ein til kvar person. - og
eg kann ikkje segja noko visst tidspunkt
når dei tok til å bruka det so leis -

21 Nei - Ja, dersom ein har voksduk, elles ikkje
Duken vaskar ein etter kvart mål og let han liggja.

5031

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 3

22 Anten det eine eller det andre -
23 Då eg var barn (for 60-70 år sidan) etla mor kake-maten til oss borni, heimebaka kakor av samf. rug- bygg- eller havremjøl, påsmurde med graut og sirup, (Smøret laut dei selja for å få pengar til renter og skattar). Dei eldste borni fekk mest mat, men om nokon klaga at dei ikkji var mette, fekk dei meir - kjøt og flesk vart og etla, elles fekk ein eta det ein vilde.
24 Sjå 23.
25 Dei vaksne fekk eta det dei vilde ha her hjå oss.
26 Det skil seg barn, det. Sume et pent utan større hjelp når dei er 4-5 år gamle, andre må ha hjelp om dei er 6-7-8 år gamle - Ikkji nokon regel for kven som skal hjelpa dei - stundom den eine og stundom den andre -
27 Ja, fyrst og fremst minnsel.
28 Ja, både før og etter. I sume hus les husfaren høgt, og er det born, so vert dei tillærde å lesa bordbøni høgt. I alle hus - anten det er born eller ikkji - hektar dei hendene saman og les for maten i stilt. (Dei kastar og ikkji over maten som sauen og grisen) Ein les for maten om framande er med til bords.
29. Har aldri høyrt forbod mot å snakka ved bordet.
30 Ja, skrattelått var upassande -
31 Ja, - „mannen visste 'kje kjerringi var gali, før ho song med' ho åt."
32 Ja.
33 Sume foreldre lærer borni sine å segja takk for maten når dei går frå bordet -

5031

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

34 (Bud) Signe maten!
35 Ja, dersom maten var so god at ein syntes det ikkje var skamleg å bjoda han til ein framande -
36 Jå.
37 Ja, kitlegare. Får dagens kost saman med dei andre -
38 Kjelen aldri på heile dagen, - men om nokon kjem, som ein vil gjeva mat, kokar ein kaffi
39 Framande bed ein helst inn i stova og gjev dei mat der - Stundom lyt han sitja åleine tilbords, og stundom set vertsfolki eller ein av dei seg til bordet saman med den framande -
40 Eldre folk ventar gjerne at vertsfolki skal nøydkeda dei å eta og forsyna seg, men ikkje yngre folk.
41 Det trengs ikkje at nokon er inne hjå gjesten stött, med han et, men om nokon er inne, set han seg ikkje ved bordet men ein annan stad i stova -

5031

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING